



Espen Mikalsen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2423 - 16/18880

Saksbehandlar:

Kristin Moe

kristin.moe@meland.kommune.no

30.09.2016

Referat frå samarbeidsmøte med NAV arbeidslivssenter - 29.09.2016

Til stades:

NAV arbeidslivssenter

Espen Mikaelen

Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen

Organisasjonsrådgjevar

Guro Osnes

Personalkonsulent

Kathrine Straumøy Brakstad

Kristin Moe

1) Orienteringssaker

a) Arbeidsmiljøprisen i Ulvik

Meland kommune fekk tildelt arbeidsmiljøprisen for 2015. 4 og 5 oktober skal kommunen tilbake og fortelje korleis arbeidet med IA, heiltidskultur, utvikling av nærversamarbeidet og godt leiarskap har gått.

b) Sjukefråvær

For 2. kvartal 2016 var sjukefråværet i Meland kommune på 6,6%, dette er lågare enn det som har vore målsetjinga i 2016 på 7%.

c) KUTT – Korleis utagering og trugslar taklast i Meland kommune

Prosjektet omfattar dei tilsette ved barnevern, psykisk helse- og rusteteneste, NAV og resepsjonen. Det er fokus på tre områder; førebyggje, handtere og ivareta. 24.05.16 vart det gjennomført eit kurs i Meland med HMS-leiar i Fredrikstad kommune.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Meland kommune har inngått eit samarbeid med Helse Bergen for å auka kompetansen blant personalet i pleie og omsorg og skulen.

d) Få folk i arbeid

Satsingsområdet til NAV er å få folk i arbeid igjen.

Meland kommune viser til at dei må fylgje kvalifiserings- og kompetanseprinsippet i tilsetjingsprosessane noko som sett avgrensingar når det kjem til å få folk i arbeid igjen. Kommunen viser vidare til at det er viktig å heve kompetansen til og dyktiggjera dei personane som står utanfor arbeidslivet.

e) A2G

Arbeidsmarknadsbedrifta har hatt god erfaring med prosjektet A2G.

f) Førebyggings- og tilretteleggingstilskot til IA-verksemder (FTT)

Det er satt av ein pott som kvar kommune kan bruke i sitt IA-arbeid. NAV arbeidslivssenter meiner at Meland kommune har ein del å gå på når det kjem til bruken av tilskotet. Meland kommune finn søknadsskjema til IA-tilskotet komplisert og utfordrande.

g) Heildagskursing i medarbeiderskap

NAV arbeidslivssenter stiller spørsmål om heildagskursing i medarbeiderskap, korleis arbeidsfellesskapet er og korleis ein kan arbeide saman kan vere noko for kommunen? Kurset byggjar på eigenaktivitet. Meland kommune ynskjer skisse over kurset.

h) Nytt prosjekt mellom NAV og KS

Gjeld dei større kommunane. Satsing inn mot helse og barnehage.

i) 10 faktor – ny medarbeidarundersøking

1. Meland kommune gjennomførte undersøkinga i vår.
2. Meland kommune hadde ei samling med leiarane i kommunen 05.09.16.

Med helsing

Kristin Moe
Personalkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Guro Osnes
Kari Anne Iversen

Mottakere:

Espen Mikalsen